Årsmelding J11 2015

J11 har i sesongen vore samansett av :

Helga Therese 03, Alice 04,Agnethe 04, Sila 04, Stina 04, Ida Martine 04,Amalie 05, Andrine 05, Ingrid 05 og Margrethe 06.

Trenar Kjell Olav, som av året har bestått trenarkurs C-Lisens.

Lagleiar, Jan Tore med GOD hjelp av foreldregruppa!!

Dette har vore ei fin og stabil gruppe gjennom sesongen.

Pga lite kull i 03 og 04 har me vore avhengige av underårige.

Dette har fungert fint, der rullering har gjort att alle som ville vera med på ”høgre nivå” har fått prøvd seg, og absolutt IKKJE har gøymt seg unna.

Tvert i mot!!

Jentene har hatt ei flott og meget positiv utvikling, både personleg og lagutvikling.

Dette gjenspeilar seg og i kampar.

Jentene har hatt ein UTRULEG sesong, der dei i vårsesongen spela 10 kampar, og vann ALLE.

Slik var det og i haustsesongen, 10 kampar og vann alle. MEGET BRA ☺

Jentene har og vore med på cupar/turneringar, treningskampar, samt hjelpt gutar 11 på deira kampar.

Toyota Sogn Cup, Kaupanger

Ål Cup, Ål i Hallingdal

Lærdalsturneringa

Futsalturnering i Balestrand og Lærdal.

Futsal vart jentene påmeldt i Gutar 11 klassen, dette for å prøve nivået.

Her fekk dei og synt seg fram med varsel om att Lærdal J11 ikkje er å spøke med.

Jentene med foreldre har vore med på dugnader, der dei alle har gjort framifrå innsats.

Til slutt:

Ei fantastisk spelargruppe og foreldre gruppe å samarbeide med.

Ser fram til sesongen 2016 ☺

Lærdal 21.02.16

Kjell Olav

Jan Tore